



Norges Vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Bergen, 8.1.2008

Høyringsuttale til søknad om overføring av øvre del av Eikemoelv til Vetrhusvatnet i Etne og Kvinnherad kommunar, Hordaland

Innleiing

Sunnhordland Kraftlag (SKL) har søkt NVE om konsesjon etter vassressulrsløva §8 og energiløva for å overføra av øvre del av Eikemovassdraget med eit samla nedbørsfelt på 8.9 km² til Blåfalli, for å auka produksjonen ved anlegget sitt der med 66 GWh/år.

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) har søkt om utsett frist men fått avslag frå NVE 11/12-07 med den grunnleggjenda at eventuelle innvendingar som måtte koma fram etter fristen, kan sendast inn i etterkant (sjå vedlegg). NVH har sendt svarbrev datert 23/12-07 der vi ber om at prosjektet blir sett på vent til dess prosjektet kan vurderast opp mot andre vassdrag. Når dette er sagt, har NVH desse kommentarane:

Bakgrunn

Eikemoelva har eit totalt nedbørsfelt på 29.5 km², altså vil overføringa redusera den totale vassføringa i elva med om lag 38%. Planane inneber eit takrenneprosjekt i eit middelsstort vassdrag, der 7 bekker eller sideelvar blir demt opp og overført via ein 5.2 km lang tunnel til Øvre Vetrhusvatn, dit det er søkt om å få bygd ein 4.5 km lang anleggsveg frå Brandvikvatn i Blådalen, og kraftoverføring til anlegget langs ei mellombels 22.5 kV høgspenning. Det er tre utbyggingsalternativ, der to alternativ (med og utan anleggsveg) medfører eit massedeponi på 100 000 m³ i Vetrhusskardet øvst i Skreddalen, medan det tredje medfører massedeponi nord for Øvre Vetrhusvatn.

Eikemoelva var opphavleg med i Samla Plan IV, og deler av det var foreslått som landskapsvernområde i tilknytning til Folgefonna nasjonalpark. Dessverre vart dette framlegget forkasta, og vassdraget teke ut av Samla Plan for å utsetjast for vanleg konsesjonsbehandling (vedtak i NVE/DN av 15.5.07).

Konsulentfirmaet AMBIO har gjort ein konsekvensanalyse, som omfattar synfaring i området for å få kartlagt naturfaglege verneverdiar, hydrologi, geologi og landskap. Sidetala i kommentarane våre viser til denne konsekvensrapporten.

Hydrologi og geologi

Eikemovassdraget ligg på nordsida av Åkrafjorden. Området høyrer til Etne kommune, bortsett frå Vetrhusvatna og dalen ned mot Blåfalli, som høyrer til Kvinnherad. Området er relativt utilgjengeleg, og har av den grunn hittil vore spart for store vassdragsinngrep. Alle dei 7 inntaksdammene ligg i den lågalpine sona over tregrensa i 700-750 meters høgde over havet. Berggrunnen i dette området er gneis og granitt og vegetasjon og jordsmonn relativt skrint bortsett frå i enkelte områder i vest. Det går to hovuddalføre gjennom området, som går saman til eitt dalføre ved Vetrhusstølen. I det vestre dalføret Skreddalen er landskapet lite kulturpåverka, og det fins store lausavsetningar. Øvst oppe i Vetrhusskardet renn bekken frå Tjørndalsvatna gjennom moreneavsetningar, og på vestsida av dalen er det rasmarker. Bekken fører med seg lausmassar som blir lagt igjen på ei elveslette relativt høgt oppe i dalen, som gir opphav til eit særmerkt og sårbart pionersamfunn av mosar og karplanter. Konsekvensanalysen påpeikar at ei tørrlegging av bekken frå Tjørndalsvatnet vil føra til at dette særmerkte plantesamfunnet vil forsvinna og erstattast av fastmarkvegetasjon og vierkratt. For å bøta på dette foreslår utbyggar å opna lukene i inntaket frå Heimste Sæterdalsvatnet lengst aust og spyla ut sand og grus frå tunnelen to gonger i året, for å erstatta dei årvisse flaumane vår og haust. Etter NVH si meining er dette tiltaket heilt utilstrekkeleg, noko som og blir vedgått i konsekvensanalysen.

Også i resten av sidebekkene i Skreddalen, og i den austre sidegreina Sæterdalen vil vassføringa bli kraftig redusert i øvre delen. Der dei to sidegreinene går saman nedanfor Vetrhusstølen, vil middelvassføringa bli redusert med 50% og nede ved fjorden med 38%. Dette vil få konsekvensar i form av redusert grunnvatn og større fare for forureining frå husdyr i nedre delen av vassdraget, og redusert tilførsel av fukt til sårbare

plantesamfunn i fossestryk. I dette området er det skog og beitemark med stor artsrikdom, der bjørkeskogen dominerer i høgdesona 5-600 meter og furuskogen nedanfor mot fjorden. I anleggsområdet ved Vetrhusvatna, der det er ein rik fiskebestand, er det fare for forureining frå oljesøl og sprøytebetong frå anlegget, noko som og blir påpeika i konsekvensanalysen.

Middelvassføringa ved Baklihølen (Eikemo) i nedre delen av vassdraget varierer frå 1.4 m³/s i mars og 2.2 m³/s i august til 4.5 m³/s i mai og 3.1 m³/s i oktober, med eit årsmiddel på ca. 1.5 m³/s. Utbygginga vil føra til ein 50% reduksjon i vassføringa. I eit normalår vil dermed vassføringa ved Baklihølen bli redusert til 0.7 m³/s i mars og 1.2 m³/s i august. I tørrår vil vassføringa bli endå lågare, og kan koma under 0.3 m³/s store deler av året, både vinter og tidleg haust. Ei så låg vassføring vil vera kritisk for aurebestanden i elva, særleg under gyteperioden om hausten.

Det er ein stor mangel ved konsekvensanalysen at tørrårssituasjonen er så mangelfullt omtalt som tilfellet er. Tabell 9.5 viser berre endringane ved vassføringar over 1.5 m³/s. Men dersom ein går inn på vassføringskurvene i vedlegg 8, vil ein sjå at perioden med vassføring mindre enn 0.3 m³/s vil auka frå 2 til 4 veker i normalår og frå 5 til 8 veker i tørrår etter utbygging, av det vil tredjeparten av endringa skje i gyteperioden om hausten. Den kraftige reduksjonen i vassføringa også i nedre deler av vassdraget i tørrår etter utbygging, kan få dramatiske konsekvensar for fiske, naturmiljø og faren for forureining i dette området (sjå s. 35). Difor burde tørrårssituasjonen vore sterkare vektlagt i analysen. Figur 9.14 viser at fisken kan få store problem alt ved ei vassføring på 0.6 m³/s Dette kjem ikkje fram i Tabell 9.5.

Landskap og inngrepsfrie område

Heile landskapet kring øvre delen av Eikemovassdraget har i dag villmarkspreg, og heile 48 km² er i følgje INON-definisjonen inngrepsfritt. Utbygginga vil bety ein reduksjon på 38% av dette (15.7 km²), og vil kutta det inngrepsfrie området i to, tvers gjennom den lågalpine regionen. Her er det i følgje rapporten små utveggar for å gjera avbøtande tiltak. Eikemovassdraget er det nest største inngrepsfrie området i fylket, og har svært stor verdi både regionalt og også nasjonalt, som eit av få villmarksområde i kyststrok på Vestlandet. Det kan visast til at SKL tidlegare er blitt pålagt av NVE å leggja om den omsøkte høgspentlina frå Brandvik til Tøsse slik at den ikkje går gjennom Skreddalen.

I konsekvensanalysen er deponi i Vetrhusskardet (alt. A og C) vurdert som meir negativt enn deponi ved Vetrhusvatnet (alt. B) fordi landskapet er meir ope i Vetrhusskardet. Men på den andre sida vil eit deponi nede ved vatnet medføra transport av sand og silt ut i vatnet, som kan påverka fisken og botnfaunaen negativt. Avbøtande tiltak som sedimenteringskummar er etter NVH si vurdering utilstrekkeleg. Anleggsvegen opp til Vetrhusvatnet er og eit negativt inngrep, og sjølv om vegen berre er mellombels, blir det vedgått (s. 47) at det blir vanskeleg å skjula inngrepet.

I verddivurderinga (s. 44) er geologi og landskap gitt middels verdi og det inngrepsfrie området stor verdi. Inngrepet vil få middels negativt omfang på landskapet ved alt. A og B og lite (svakt) negativt omfang ved alt. C på grunn av konsekvensane av anleggsvegen, og svakt til middels negativt på geologien ved alt. A og C, grunna den skjemma deponiet ved Vetrhusskardet. Inngrepet er vurdert å ha middels til stort omfang og dermed stor negativ konsekvens på det inngrepsfrie området.

Naturmiljø og biologisk mangfald

I samband med utarbeidinga av konsekvensanalysen vart det gjort ei omfattande synfaring i 2006, der fleire verneverdige planter og naturtypar vart kartlagt. Fleire av desse fins i tilknytning til vassdraget, og vil bli påverka av endringar i vassføringa. Dei mest dramatiske endringane vil skje like nedanfor dei sju bekkeinntaka, der vassdraget blir så å seia tørrlagt, men heile vegen nedover vil redusert vasstand ha negative verknader. I denne delen av vassdraget er det også påvist forekomst av fossekall. Denne fuglen er svært følsom for endringar i vasstanden for å kunna beita på botndyr og insekter som lever i rennande vatn (sjå s.58). Særleg i tørrår vil dette slå negativt ut. NVH stiller seg tvilande til påstanden på side 61 i konsekvensanalysen om at tiltaket vil ha "lite negativt omfang" for fossekallen, fordi den vil finna nye hekkeplassar nedstraums. Dette er etter vår meining rein spekulasjon. Her bør som elles det såkalte "føre var"-prinsippet gjelda.

I Tabell 9.13 er omfanget av utbygginga på naturtypar og enkeltartar oppsummert. Såleis er den sjeldne mosen svavrangmose (*Bryum muehlenbeckii*) observert fleire stader i fossesprøytsoner i vassdraget, bl.a. rett nedanfor

inntak nr. 1 ved Heimre Sæterdalsvatn. Her vil truleg arten gå heilt ut, i følgje konsekvensanalysen. Også i Sæterdalselva ved Vettrhusstølen er srten observert. Verneverdige planter og plantesamfunn er også observert i utløpet frå Tjørndalsvatnet, der det også blir full tørrlegging ved den planlagte utbygginga. I tillegg kjem redusert vasstand på elvesletta lenger nede, i Skreddalen, med den før nemnte pionervegetasjonen, som er avhengig av stadig tilførsel av grus og sand. Utspylinga av botnlukene to gonger i året ved inntak nr. 1 vil ikkje kunna retta på dette, noko som og blir vedgått i konsekvensanalysen (s.35). NVH meiner at omfanget av utbygginga på lokalitet 8 (Tabell 9.13) må klassifiserast som stort (=sterkt) negativt og på lokalitet 7 som middels negativt. Dessutan er vi ueinig med AMBIO i at utbygginga ikkje har negativ verknad på rasmarka ved lokalitet 9. Rett nok er rasmarka ikkje avhengig av vatn frå bekken, men andre ting kan spela inn, for eksempel vegbygging, deponi og forureining frå anleggsdrifta.

I tillegg til at vurderingar av tørrårssituasjonar er utelate i rapporten, har vi alvorlege innvendingar til Tabell 9.14. Denne tabellen seier lite eller ingenting om konsekvensane av utbygginga på det biologiske mangfaldet, fordi alle enkelttingrepa er jamna ut. Det er allment akseptert i forskninga at det er ekstremisituasjonar (=tørrår) som set grenser, ikkje gjennomsnittstilstanden. Likeeins, når ein skal vurdere konsekvensar av eit tiltak på det biologiske mangfaldet i eit område, er det villeiande å visa til gjennomsnittsverdiar. Det er heller ikkje godt nok å seia at det "truleg" fins andre lokalitetar der den sjeldne arten kan overleva, for det veit ein ingenting om. Også her må "føre var"-prinsippet gjelda.

Fiske, jakt og friluftsliv

NVH sluttar seg i hovudsak til vurderingane i konsekvensanalysen, men har nokre innvendingar når det gjeld konsekvensane for fisken. På grunna v at ein har sett bort frå ekstremisituasjonar (tørrår), vil konsekvensane for fiskebestanden i nedre delen av Eikemoelva bli langt alvorlegare enn det som kjem fram i rapporten. Ut frå opplysningar frå søkar (s. 22) verkar det heller ikkje som om det er på tale å innføra minstevassføring, det einaste avbøtande tiltaket som er nemnt, er dei halvårlege utspylingane frå inntak nr. 1. På same måten har ein undervurdert dei negative verknadene av utbygginga på fiskebestanden i Øvre Vettrhusvatnet. Slam frå deponiet vil her også i ein periode grumsa til vatnet og redusera lystilgangen, og dessutan påverka botnfaunaen negativt ved å sedimentera på botnen. Det blir vanskeleg å hindra dette med avbøtande tiltak, slik det blir foreslått av utbyggjar.

Vi vil også påpeika konsekvensane for rovfuglbestanden, der også konsekvensanalysen nemner at det er observert hekkeplass for fjellvåk mindre enn 1 km frå anleggsområdet. Ellers vil NVH understreka det som blir nemnt i analysen, at både anleggsvegar, steintippene og inntaksdammene vil redusera det inngrepsfrie området sterkt, og dermed langt på veg øydeleggja villmarkspreget og verdien av Eikemovassdraget som friluftsområde.

Forvaltning av naturressursar

På grunn av det store utbyggingspresset mot små og mellomstore vassdrag, som fornybare alternativ til olje og gass, er det eit stort behov for ei samla planlegging av vassdrag som sikrar at ikkje naturmangfald, friluftsliv eller store landskapsverdiar går tapt. Dette tilseier at Eikemovassdraget blir vurdert opp mot andre vassdrag, noko som ikkje kan skje dersom SKL skulle få konsesjon på prosjektet. Dei fleste av dei større vassdraga i Hardanger og Sunnhordland er alt bygd ut tidlegare, slik at behovet for vern av dei små og mellomstore vassdraga i regionen som enno er urørde, har blitt endå større, og verdifulle naturtypar som er knytt til Vestlandsnaturen, kan gå tapt for alltid.

Konklusjonar

NVH sine kommentarar til konsekvensanalysen for Eikemovassdraget kan samanfattast som følgjer:

- (1) Det er ein alvorleg feil at konsekvensane er basert på situasjonar i normalår, mens tørrårssituasjonen berre er overflatisk vurdert. Konsekvensane for fisk og sjeldne artar som er knytt til rennande vatn blir dermed framstilt som mindre alvorlege enn dei vil bli ved ei overføring som planlagt.
- (2) Det er ein alvorleg konsekvens av utbygginga at det inngrepsfrie området i Eikemovassdraget blir redusert med heile 15.7 km² (38%) i den lågalpine regionen, og eit av dei siste urørte vassdraga på Vestlandet misser mykje av sitt villmarkspreget. Det inngrepsfrie området i Eikemo er vurdert å vera av stor regional verdi. Konsekvensen av inngrepet for landskap og inngrepsfrie områder (INON) er i

analysen (s. 44) vurdert som stort (=sterkt) negativ, fordi det medfører ein vesentleg reduksjon av området, og bør difor unngåast.

- (3) Dei avbøtande tiltak som blir foreslått av søkar, er heilt utilstrekkelege. To årlege utspylingar (vår og haust) frå inntaksdammen lengst borte kan ikkje erstatta vår- og haustflaumen i Skreddalselva, som forsyner elvesletta øvst i dalen med sand og grus for å halda oppe det særmerkte pionerplantesamfunnet der.
- (4) Slam frå den 100 000 m³ store steintippen ved Øvre Vetrusvatn vil kunna skada fiskebestanden i vatnet både under anleggsfasen og etterpå, ved at vatnet blir blakka og botndyrfaunaen skadd ved sedimentering. Dei avbøtande tiltaka som er foreslått er utilstrekkelege.
- (5) Redusert vasstand i nedre delen av Eikemoelva i tørrårssituasjonar vil auka faren for forureining frå husdyr i denne delen av vassdraget, noko som vil kunna slå ut i fiskedød og forringa vasskvalitet.
- (6) Metoden som er brukt i konsekvensanalysen, er ubrukeleg, vi viser her særleg til tabell 9.14 der omfang og konsekvens av utbygginga for naturmiljø og biologisk mangfald er jamna ut over lokalitetar. Dermed blir omfanget og konsekvensane klassifisert som "lite (=svakt) negativt" trass i at omfanget for fleire av enkeltlokalitetane er "middels negativt". Dette verkar tilslørande og til dels misvisande.
- (7) Ved å gi konsesjon til overføring av øvre delen av Eikemovassdraget til eit nabovassdrag, forspiller ein også sjansane til å kunna vurdere dette vassdraget opp mot andre verneverdige vassdrag i regionen, slik det er planar om i OED sine "Retningslinjer for småkraftutbygging" som Hordaland fylkeskommune snart skal ta stilling til. Hardanger og Sunnhordland er ein av dei regionane i landet der store deler av dei mindre vassdraga alt er utbygd eller har fått konsesjon frå NVE på utbygging. Behovet for ein samla plan for dei attverande vassdraga er derfor påtrengande i denne regionen.
- (8) Samfunnsnyttan av Eikemo-overføringa er liten, samanlikna med ulempane.

Av desse grunnar går Naturvernforbundet Hordaland (NVH) sterkt mot SKL sine planar om konsesjon på takrenne-overføringa av 38% av Eikemovassdraget til sine tidlegare installasjonar i Blådalen. Søknaden må avvisast fordi ein forspiller sjansane til ei samla vurdering, og fordi skader og ulemper overstig fordelene ved tiltaket. Dei avbøtande tiltaka som er foreslått, kan ikkje på nokon måte vega opp dei negative konsekvensane som her er framført.

Venleg helsing
for Naturvernforbundet Hordaland

Oddvar Skre
styremedlem